



Peder Sjo Slettebø under skulemøtet på Husnes denne veka (Foto: Kvinnheringen)

Høgre distanserer seg no frå skulepakka til fleirtalskoalisjonen og går mellom anna imot ideen om ein ny stor skule i Omvikdalen

Peder Sjo Slettebø seier til Kvinnheringen at diskusjonen bør stoppast til dei økonomiske konsekvensane er klårlagt. No må skulemiljøa få fred, held han fram.

Sjo Slettebø peikar mellom anna på at ein ny stor skule i indre luten aldri er nemnd tidlegare, heller ikkje ndleggjing av skulen i Uskedalen.

Her er ein i ferd med å lage ein politikk som ein ikkje kjenner dei økonomisk konsekvensane av. Det vil ikkje Høgre vera med på.

No er det ikkje fleirtal for noko som helst, alt saman er eit einaste rot, meiner Sjo Slettebø.